

16/2010

NOTAT

Arnfinn Kjelland

FADDERSKAP SOM SOSIAL RELASJON

Forskningsstatus, kjelder og metode

| | |
|--------------------|---|
| Forfattar | Arnfinn Kjelland |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISSN | 1891-5973 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/notat |

Arnfinn Kjelland er førsteamanuensis ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røynsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert *Bygdebok for Lesja* i fire band 1987–2008 (utgjevar Lesja kommune), redigert og vore delforfattar for *Bygdabok for Lom* i fire band (2000–2007), redigert *Sula-Soga* i seks band (2002–2008) og *Busetnadssoga for Volda* førebels i tre band (2005–2007). Han har òg skrive artiklar og bokmeldingar i vitskaplege og populærfaglege tidsskrift, og er delprosjektleiar i det strategiske høgskuleprosjektet Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder – <http://www.hivolda.no/shp-kultur>
E-post: arnfinn.kjelland@hivolda.no / Heimeside: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=12051>

Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manus må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innhald:

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Innleiing | 5 |
| 2 | Nokre relevante fadderskapsstudiar på nordisk empiri | 6 |
| 2.1 | Martin Bork: Fællesskabet efter fællesskabet | 6 |
| 2.2 | Ola Teige: Eliten i Christiania | 6 |
| 2.3 | Solveig Fagerlund: Handel och vandel..... | 7 |
| 2.4 | Fadderskapsamband mellom etniske grupper i Nord-Noreg | 8 |
| 3 | Nyare trendar i studiar av åndeleg og biologisk slektskap | 8 |
| 3.1 | European Social Science History Conference 2008 | 8 |
| 3.2 | Kinship in Europe | 8 |
| 3.3 | David Sabeau om Neckarhausen | 9 |
| 3.4 | Palle Ove Christiansen om livsstilar og sosiale relasjonar i danske landsbyar | 10 |
| 3.5 | Ulla Skaarup Jensen om den sosiale strukturen i ein sjællandsk landsby | 10 |
| 4 | Fadderskap som økonomisk relasjon: faddegåvene | 11 |
| 5 | Norsk empiri om fadderskap – litt om metode | 12 |
| 5.1 | Generelt – aktørar som må / bør identifiserast | 12 |
| 5.2 | Primærkjeldene: fadderskapslistene i kyrkjebøkene | 12 |
| 5.3 | Sekundærkjelder: gode bygdebøker av busetnadssogesjangeren | 13 |
| 5.4 | Gudmor og rekkjefølgje for fadrar | 13 |
| 5.5 | Namnebruk og identifisering av innabygds fadrar | 13 |
| 5.6 | Identifisering av embetsfolk – søk på internett | 13 |
| 6 | Analyse av fadderskapsrelasjonar..... | 14 |
| 6.1 | Fadderskapsnettverk | 14 |
| 6.2 | Metode når ein har dataregistrert kyrkjebøker med fadderrelasjonar og bruk av BSS | 15 |
| 7 | Referert litteratur: | 16 |
| | Vedlegg: eksportert hendingsliste frå BSS Herøy | 18 |

Forord

Dette notatet er blitt til over ei ganske lang stund. Det er i prinsippet skrive som hjelpemiddel for medarbeidarar i det strategisk høgskuleprosjekt (Noregs forskingsråd) ved Høgskulen i Volda: *Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder*, delprosjekt 2, som arbeider med problemstillingar knytt til fadderskapsrelasjonen.

Notatet gir inngangar til ein del relevant internasjonale litteratur kring relasjonen og greier ut nokre aktuelle problemstillingar medarbeidarar kan ta opp.

Volda, 1. november 2010
Arnfinn Kjelland

1 Innleiing

«Dåbsceremonien var en oplagt lejlighed til at fremhæve familiens placering i lokalsamfundet, og markere sociale relationer og fællesskab til andre familier i området. Relationen mellem familier kunne næppe blive tydeligere for lokalbefolkningen end ved dåben, hvor en gudmoder bar en anden families barn frem til dåb, flankeret af typisk to andre faddere. Det kan ikke have været uvæsentligt i et lille samfund, hvilke faddere de nybakte forældre valgte, blev set sammen med deres barn. Vi ved, at netop barnedåb var en begivenhed, som trak mange mennesker til kirken.»¹

Fadderskap kan kallast ein «mikro-relasjon» som er klart sosial, og som kan ha og truleg hadde økonomiske implikasjonar.² Relasjonen kan derfor vere godt eigna for nærare analyse under delprosjekt 2.

Fadderskap som *sosial* relasjon mellom «vanlege folk» i norske bygdesamfunn i tidleg nytid ser ikkje ut til å vere analysert i nemnande omfang. Det er t.d. ikkje oppslagsord i den mest brukte norske læreboka på grunnivå i sosialantropologi.³

Etymologisk kjem ordet fadder av mellomnedertysk vadder, som gjev att latin *compater*. Det tyder eigentleg «medfar», og byggjer på at den kristne dåpen vart oppfatta som ein ny fødsel slik at det oppstod åndeleg slektskap mellom dåpsvitna og barnefamilien. I oldnorsk var nemninga «gudsifi», som har grunntydninga «slekting i gud», ei tyding som kjem att i nemningane gudbarn, -dotter, -son, -far, -mor.⁴

Omgrepet «åndeleg» eller rituelt slektskap har altså vore brukt om relasjonen. I katolsk tid medførte dette også ekteskapsforbod på same måte som blodsslektskap (konsangvinitet) og svogerskap (affinalt slektskap), noko som naturleg avgrensa talet på fadrar som kunne nyttast. I katolske område vart talet på fadrar avgrensa til to frå midten på 1500-talet.⁵

Etter reformasjonen fall fadderskap som grunnlag for ekteskapsforbod bort,⁶ og i alle fall i Danmark-Noreg steig talet på fadrar til dels dramatisk, sjølv om det etter kyrkjeritualet av 1685 og reskript av 1739 var forbod mot å ha fleire enn fem.⁷ Tradisjonsmaterialet syner at det kunne vere fleire fadrar enn dei som vart innskrive i kyrkjeboka, noko som òg er påpeikt i eldre kyrkjerett.⁸

Det kan nok òg undersøkast på annan måte. Reint tilfeldig kom eg òg over ei innføring i Norsk slekthistorisk tidsskrift (NST), K. Helland-Hansen: *Annaliske optegnelser. En bergensk familiealmanakk (Heiberg–Schreuder)*, der oppskrivaren tollbetjent Peder Schreuder (f. 1745) har gjeve opp fadrar til seks av barna sin fødde i åra 1783–93. Helland-Hansen har undersøkt kyrkjeboka og funne at fleire av dei som er oppført som fadder av faren ikkje er innført der.⁹

I Noreg er det tradisjonelt etnologar og kulturhistorikarar som har interessert seg for fadderskap. Temaet er ifølgje stikkordregisteret til spørjelistene Norsk etnologisk gransking (NEG) har sendt ut til kontaktpersonar over heile landet sidan 1946 blitt behandla i fire lister.¹⁰ Også Norsk

¹ Bork 2006: 132f.

² Jfr Hodne 1979: 11f om faddergåve-institusjonen.

³ Eriksen 1998.

⁴ Falk og Torp 1903–06 (1992).

⁵ Hodne 1979: 3.

⁶ Hodne 1979: 4.

⁷ Hodne 1979: 8f.

⁸ Hodne 1979: 8 frå Vang. Jfr Motzfeldt 1844: 202f: «Flere end fem Faddere synes saaledes ikke at burde indføres i Kirkebogen, om end de ere tilstede ved Acten».

⁹ Alle bortsett frå den første er oppgjeve i Nykyrkja i Bergen: dåp 26.9.1783, sju fadrar der dei to siste manglar, dåp 18.11.1785, ni fadrar der fire av de fem siste manglar (prost Hiorthøy som døypte var den siste i fadderlista), dåp 3.2.1787 åtte fadrar der dei tre siste manglar, dåp 14.9.1788 sju fadrar, dei to siste manglar, 9.2.1790 åtte fadrar, dei tre siste manglar, 9.2.1793 åtte fadrar, dei to siste manglar. NST IX 1944: 344–346. Det ser ut til at det systematisk berre er ført fem fadrar i denne kyrkjeboka.

¹⁰ http://www.norskfolke.museum.no/PageFiles/1862/REGISTER%20NEG_2.pdf (besøkt 6.2.2009). Dette gjeld liste nr 46, 49, 67 og 145.

folkeminnesamling har tradisjonsstoff om fadderskap. Ørnulf Hodne bygde på dette materialet i tillegg til ein omfattande gjennomgang av lokalhistoriske publikasjonar da han skreiv artikkelen «Fadderskapet og dets funksjoner i norsk folketradisjon» i *Heimen* hefte 1, 1979.

Kulturhistorisk har i alle fall Arne Bugge Amundsen brukt tradisjonsmateriale systematisk i dr. gradsavhandlinga: *Folkelig og kirkelig tradisjon. Dåpsforståelser i Noreg særleg på 1800-tallet*.¹¹ Amundsens analyse er, i samsvar med tittelen, todelt: han ser på fadrar og fadderskap i høvesvis kyrkjeleg og folkeleg tradisjon. Han avgrensar ikkje analysen til 1800-talet, men drøftar i alle fall den kyrkjelege tradisjonen attende til mellomalderen.¹² Tema han tek opp er m.a. talet på fadrar, om fadrane var aktive deltakarar under sjølve dåpshandlinga, fadrane sine forpliktingar i høve barnet ikkje berre på det «ånedelege» planet, men òg sosialt og økonomisk o.fl.

Innafor den folkelege tradisjonen bygger Amundsen, som Hodne, sjølv sagt i hovudsak på folke-minnestoffet. Det består i hovudsak av innsamla materiale frå dei siste tre-fjerdedelane av 1900-talet, og i kva grad det har berekraft særleg lenger bakover enn til først på 1800-talet er usikkert. Tema her er elles tal på fadrar, alder, prinsipp og kriterium for val av fadrane, konkrete plikter av sosial og økonomisk art, tidsavgrensing av fadderskapsplikter til konfirmasjonstidspunktet, «skjebnefellesskap» og endringar fram mot første del av 1900-talet.

Vårt prosjekt tek altså opp fadderskapet med hovudvekta på korleis denne institusjonen har fungert som *sosial* relasjon, og vil prøve å kartlegge utviklinga av denne i løpet av den perioden prosjektet arbeider med (i praksis frå først på 1700-talet når kyrkjebøkene startar til prosjektets slutt punkt kring 1870). I dette notatet forsøker eg å summere opp status for forskning som konkret har teke for seg denne relasjonen og som det er nyttig at vi som gjer tilsvarande undersøkingar er merksam på.

Notatet tek ikkje for seg meir teoretiske refleksjonar kring relasjonen.

2 Nokre relevante fadderskapsstudiar på nordisk empiri

2.1 Martin Bork: Fællesskabet efter fællesskabet

Av den litteraturen eg hittil har gjennomgått, er det phd.-avhandlinga til Martin Bork, levert ved Københavns Universitet 2006, som grundigast har gått inn på problemstillingar som kan seiast å vere sentrale for delprosjekt 2. Fadderskap står sentralt i Bork si avhandling. Han introduserer omgrepet *faddernetverk*, som han definerer som dei samla fadderrelasjonane mellom foreldre og fadrar. Han peiker på eit viktig moment: slike *friviljuge* nettverk kan vise kva for nettverk som var viktige i eit lokalsamfunn, men dei kan òg vise kva for kontaktar som *ikkje var viktige* ved å sjå på høvesvis kven som vart *inkludert i* eller *ekskludert frå* nettverket.

Omfanget av slike relasjonar ein familie kan knyte til seg er sjølv sagt avhengig av talet på barn i familien. Bork påpeiker derfor på at *funksjonen* som fadder er ein betre indikator på fellesskap enn kven eit ektepar valde som fadrar, fordi eit par som fekk få eller ingen barn hadde sjølv sagt tilsvarande lite behov for fadrar. Kven som blir vald i funksjonen som fadder fortel korleis *andre* i lokalsamfunnet ser på vedkomande – altså *graden* av inkludering i eit nettverk.¹³

2.2 Ola Teige: Eliten i Christiania

Også Ola Teige har i si avhandling registrert og analysert fadderskap for dei fleste av sine aktørar i studien av Christiania-eliten 1680–1750.¹⁴ Teige inkluderer fadderskap i sin nettverksanalyse, men så langt eg kan sjå utan å innplassere relasjonen i dei banda han inkluderer i nettverka sine.

¹¹ Levert 1986, forsvart 1987, publisert i revidert form Solum Forlag 1989.

¹² Amundsen 1989: 238ff.

¹³ Bork 2006: 177. Her bygger han nok på Sabeau 1998: 25f.

¹⁴ Teige 2008.

Teige byggjer på svenske historikarars kopling av nettverksanalyse slik den amerikanske sosiologen Walter W. Powell utvikla den kring 1990 og Pierre Bourdieus kapitalomgrep, og nyttar dette til å studere nettverk kvalitativt.¹⁵

Teige definerer nettverk som uformelle, friviljuge og varige relasjonar der ein ikkje kan utelukke hierarkiske band. Han opererer fire typar band i sin nettverksmodell: slektskap, vennskap, økonomiske band og patron-klientband.¹⁶ Han plasserer så vidt eg kan sjå ikkje fadderskapsband inn i denne modellen.

I Sverige voks det på 1990-talet fram to fagmiljø som arbeidde med historisk nettverksanalyse ut frå noko forskjellig perspektiv.¹⁷ Den eine av desse, som Teige kallar «Uppsala-kretsen», har konsentrert seg om elitenettverk bygd på kvalitative kjelder og analyseformer. Den andre, «Lund-Göteborg-kretsen», er iflg. Teige meir opptekne av lågare samfunnslag og ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative kjelder og analysemetodar. Dei to fagmiljøa er òg, ut frå ulikskap i definisjonar, usamde om det finst hierarkiske relasjonar i nettverk.

2.3 Solveig Fagerlund: Handel ochandel

Solveig Fagerlund høyrer vel til det Ola Teige kallar «Lund-Göteborgkretsen». Ho analyserte i si dr. gradsavhandling (Lunds Universitet 2002) kvardagslege sosiale strukturar i Helsingborg i perioden ca 1680–1709 i eit kvinneperspektiv. Ho drøftar òg nettverksanalysen meir prinsipielt (s. 28–34) og konsentrerer seg om tre ulike typar sosiale relasjonar: fadderskap, økonomiske band og konfliktrelasjonar slik dei syner seg i valdsbruk og bruk av ukvemsord.¹⁸

Ho nytta omgrepet «ritualiserte sosiale band» om fadderskap, og fann at slektsrelasjonar var viktigare kriterium for val av fadrar på landsbygda enn i byen.¹⁹ Når fadrar ikkje vart vald blant slektningar vart dei funne i same yrkesgruppe eller blant personar av høg sosial status.

Fagerlund samanlikna m.a. rolla til fadrane i høve kjønn i 1649 dåpshandlingar med til saman 8870 fadrar totalt i Helsingborg i åra 1688–1709. Desse fordelte seg med 45 % menn og 55 % kvinner, medan folketalet fordeler seg med 47 % menn og 53 % kvinner. 16 % av dei mannlege fadrane var i dei øvste yrkesgruppene (offiserar, prestar, høgare tenestemenn, rådmenn og kjøpmenn) medan deia del av heile befolkninga var 7 %. For kvinnene i same gruppe var tala høvesvis 20 % og 6 % – altså var kvinner i dei øvste yrkesgruppene særleg populære å ha som fadrar. Konene til rådmennene i byen var dei mest populære, dei utgjorde 1 % av folketalet, men 8 % av fadrane.²⁰

Kjeldematerialet gir tydelegvis òg høve til å identifisere den som bar barnet til dåpen, gudmora, samt kven som gjekk «bredvid» og «pikefadrane». Dei fleste kvinner var gudmødre berre ein gong. Men 9 % (41 kvinner) var gudmødre 10 gonger eller meir, og dei stod til saman for halvparten av dåpshandlingane.²¹ Majoriteten høyrde til eliten i byen.

Talet på fadderoppdrag enkeltpersonar syner visse særtrekk. Dei fleste var fadrar berre ein gong, men dei mannlege fadrane i Helsingborg viser eit anna popularitetsmønster enn kvinnene. Det høgste talet på fadderoppdrag ein mann hadde var 58, medan 5 kvinner hadde over 60 slike oppdrag, høgst var to med høvesvis 102 og 101 oppdrag.²²

¹⁵ Teige 2008: 236.

¹⁶ «Modellen» Teige har sett opp s. 236 er for så vidt ikkje heilt konsistent. Den opererer med nettverka som sosialt band på line med kortvarige band i ein marknad og formelle band i eit hierarki.

¹⁷ Jfr Teige 2008: 16ff.

¹⁸ Fagerlund 2002: 32.

¹⁹ Fagerlund 2002: 217.

²⁰ Fagerlund 2002: 50ff.

²¹ Fagerlund 2002: 56, litt uklart / udokumentert korleis dette er rekna ut.

²² Fagerlund 2002: 56.

Etter som Fagerlund behandlar ein avgrensa tidsperiode, ein tjuårsperiode kring 1700, ligg det ikkje inne nokon analyse av *utvikling* i hennar avhandling.

2.4 Fadderskapssamband mellom etniske grupper i Nord-Noreg

To hovudoppgåver frå Universitetet i Tromsø (Markussen 2001 og Pokorná 2009) har teke for seg fadderskap og etnisk tilknytning i kvar sine litt overlappende tidsperiodar: 1752–1865 og 1859–1900. Markussen har to problemstillingar: 1) i kva grad samar var fadrar når nordmenn hadde barn til dåp og omvent, og 2) om det var spesielle mønster i fadderval og om desse endra seg over tid. For å undersøke dette tek ho for seg tre periodar: 1751–70 der ho kartlegger mønstra og så 1770–1801 og 1801–1850 der ho leiter etter eventuelle endringar i fadderval.²³

Pokorná har fire hypotesar knytt til fornorskningsprosessen og val av fadder, som ho presenterer i første kapitlet og oppsummerar i det siste.²⁴ desse går i hovudsak på utviklinga av relasjonane mellom dei tre etniske gruppene ho ser på (samar, kvener og nordmenn). Desse ser ut til å vere mindre relevante for vårt prosjekt.

3 Nyare trendar i studiar av åndeleg og biologisk slektskap

3.1 European Social Science History Conference 2008

Fadderskap i liknande samanhengar som vårt har truleg vore gjenstand for utanomnordisk forskning i betydeleg omfang. På *Seventh European Social Science History Conference* 26. februar til 1. mars 2008 var det i alle fall to heile sesjonar som var knytt til «unnatural kinship», dvs. fadderskap i forskjellige samanhengar og periodar.

Bakgrunnen for denne internasjonale trenden er slektskapsforskning som har sett spørsmålsteikn ved det vedtekne oppfatninga at betydinga av slektskap har blitt stadig mindre sidan mellomalderen. Det vanlege historikarsynet er at oppkomsten av nye strukturar: gilde og laug i mellomalderen, staten i tidleg nytid, marknaden og dei friviljuge organisasjonane på 17- og 1800-talet og velferdssamfunnet på 1900-talet – har enten sett slektskap på sidelina eller teke over funksjonane.²⁵

3.2 Kinship in Europe

I 2007 kom det ut ein antologi med undersøkingar frå mange regionar som konkluderte med at det har vore to store overgangar i europeiske slektskapssystem frå mellomalderen til ca 1900. Den første var frå seinmellomalderen til tidleg nytid, med aukande stress på familiesamhald, veksande tilbøyelegheit til å formalisere patron-klientband gjennom giftarmåls- eller fadderskapsalliansar og ein tendens til å utvikle og vedlikehalde strukturerte hierarki på grunnlag av slektsbakgrunn, klientilhøyrighet og familiealliansar. Denne overgangen er m.a. knytt til statsbygginga og aukande stress på vertikale samband.

Den andre overgangen viser seg frå midten av 1700-talet i form av at interaksjon innafor slekta i større grad blir organisert kring alliansar og svogerskap i staden for slektsbakgrunn og arv – og med sterkare press på horisontalt samband.

I tidleg nytid vart giftarmålsalliansar søkt mot «framande», dei støtta gjerne opp under langvarige patron-klientrelasjonar og dei førte til komplekse omlaupsmønster mellom forskjellige politiske og korporative grupper og sosialgrupper.

²³ Markussen 2001: 75.

²⁴ Pokorná 2009: 24f og 107ff.

²⁵ Sabean og Teuscher 2007: 1

Når vi nærmar oss nyare tid ser ein at giftarmåla blir meir endogame (både brukt om klasse og miljø og innafor slektsgruppa) – giftarmåla vart meir innafor «familien». Denne utviklinga er nært knytt til oppkomsten av nye sosiale grupper og nye kjønnsroller innafor dei høgare laga. Dei reflektere også framveksten av nye politiske institusjonar, statsteneste, eigedomsrettar og kapitalsirkulasjon. Forfattarane av boka *Kinship in Europe* kallar 1800-talet for eit «kinship hot» samfunn, der stor energi vart brukt på å vedlikehalde og utvikle omfattande, pålitelege og klart definerte utvekslingsstrukturar mellom familiar som heldt saman over mange generasjonar.²⁶

3.3 David Sabean om Neckarhausen

Undersøkinga David Warren Sabean har gjort i den sørtyske landsbyen Neckarhausen frå perioden ca 1700–1870 har òg fokus på slektskap. Når det gjeld relasjonen fadderskap, fann han for så vidt det same problemet som vi gjer i norsk materiale: det er vanskeleg å finne om fadrar gjorde noko for fadderungane eller foreldra i kjeldene og i tilfelle kva. Han har derfor konsentrert seg om slektskap: var fadrar valde mellom slekt eller framande, og i tilfelle det var slekt, kva slags.²⁷

Sabean 1998 refererer den internasjonale litteraturen kring fadderskap. Han opererer med tre sentrale funksjoner relasjonen har hatt:

1. Fadderskap utvidar det som er allment godtatt som slektskap ut over det som alt er etablert ved blodsband og giftarmål (svogerskap).
2. Fadderskap ser ut til å ha en med- eller (anti-)foreldreskapsfunksjon.
3. Fadderskap kan medføre et element av asymmetri, hierarki eller makt, der fadderen fungerer som patron for en klient.

Særskilt for Neckarhausen finn Sabean at når ein familie først har vald fadrar, held dei fram å vere fadrar for alle barna i familien, til og med ved dødsfall og gjengifte fleire gonger. Men fadderskapet ser ikkje ut til å ha hatt nokon særskilt funksjon mot det enkelte barnet i familien. Fadrane i Neckarhausen tok ikkje på seg foreldreforpliktingar i tilfelle dødsfall eller verjemål for barna ved dødsbuskifte. Ei utsegn frå 1500-talet sa at fadrane var «kausjonistar i høve Gud» (med Gud som debitor). Sabean legg dette ut som at fadrane stod som kausjonistar for at foreldra var ærbare og gode føresette for barna i høve lokalsamfunnet.

Eit påfallande forhold i Neckarhausen var at sjølv om fadderskap var uforeinleg med verjemål, var det slett ikkje uforeinleg med kausjonsansvar i moderne form da det kom i bruk på 1800-talet. Men i alle dei døma Sabean har funne på dette, var det *foreldra* som stilte som kausjonistar for fadrane, noko han legg ut som at fadrane må ha stått i eit klientforhold til foreldra, ikkje omvent.²⁸

Desse to meiningane av kausjonsansvar står i eit direkte gjensidig avhengigheitsforhold mellom sosiale eller materielle funksjonar, og reverserer retningane av dei på ein uventa måte.

Tilhøvet mellom fadderskap og slektskap endra seg. Tidleg på 1700-talet var mindre enn 20 % av fadrane i Neckarhausen i nært slekt- eller svogerskap med foreldra. Dette endra seg i betydeleg grad; på midten av 1800-talet var 80 % av fadrane nær slekt. Også alderssamansetjinga endra seg, frå at fadrane var 6 år eldre eller meir enn fedrane og ti år eldre eller meir enn mødrene til fadderbarna. Hundre år seinare var fadrar og foreldre frå same kohort, jamgamle.²⁹

Undersøkingane til Sabean viser altså klart sterkare fokus på relasjonen fadrar – foreldre enn fadrar – barn. Sabean finn at fadderskap har vore ein diffus, multifunksjonell institusjon utan ei stabil meining gjennom den perioden han undersøker: Tidleg på 1700-talet hadde t.d. fadrane ofte

²⁶ Sabean og Teuscher 2007: 3.

²⁷ Sabean 1998: 23.

²⁸ Sabean 1998: 25.

²⁹ Sabean 1998: 143.

ei aktiv rolle i eigedomstransaksjonar mellom kjøparar og seljarar som ikkje var i slekt – ein slags meklarrolle. Kring 1800 er dette ukjent.

Fadderskap medførte – som alle slektskapssamband – moralske implikasjonar: forventingar og forpliktingar, og kunne derfor føre til konflikhtar. Eit ordtak i regionen går slik: «Viss du vil bli uvenn med nokon, må du først få han som fadder for barna dine».³⁰

Det varierende innhaldet i relasjonen gjeld ikkje berre over tid, men òg for forskjellige familiar.

3.4 Palle Ove Christiansen om livsstilar og sosiale relasjonar i danske landsbyar

Den danske kulturhistorikaren Palle Ove Christiansen har i fleire samanhengar gjeve nyttige bidrag til kulturperspektiv på studiar av sosiale relasjonar i tidleg nytid. I boka *Landsbyliv* (2004) meiner han å kunne påvise han to forskjellige *livsstilar* i den danske landsbybefolkninga bygd på nærstudiar av tre austsjællandske landsbyar i perioden 1750–1800.

Metoden han nyttar er for så vidt den same som ved arbeid med norsk busetnadshistoriske bygdebøker; samanlenking og -kopling av informasjon frå dei sentrale kjeldeseriane på individ- og bustadnivå. Forskjellen er først og fremst at landsbyane i perioden var knytt til eit gods med bevart godsarkiv, der det m.a. er rapportar frå godsforvaltaren til greven om personlege eigenskapar hos ungdomar som var aktuelle for å leige ein av gardane på godset.³¹

Bygd på den samanlenka kjeldeinformasjonen for alle personar innafor landsbyen har Christiansen så funne bestemte *samanhengar* i måten folket oppførte og uttrykte seg på i vidaste forstand. Desse samanhengane kviler i stor grad på dei økonomiske og juridiske relasjonane mellom landsbyfolket og godset, og på grunnlag av dei finn han at landsbyen «var tilsyneladende i høg grad splittet», ikkje nokon politisk heilskap slik generelt tradisjonsstoff har vektlagt.³²

Christiansen finn spor etter tre måtar å gruppere landsbyfolket etter: dei «fremadtenkende», dei «lystige» og dei «stille», der det er blant dei første han nesten alle som vart nytta som fadrar. Desse er òg karakterisert m.a. ved at de hadde meir sengetøy enn vanleg (i skifta), ikkje hadde restansar på avgifter til godset (rekneskap), ikkje var involvert i ulovleg hogst i skogane (rettsprotokollane) og sådde litt kveite (som kravde sterkare hestar). Nemninga på denne gruppa – «dem, som tænker fremad» var brukt i skrift av godsforvaltaren og iflg. Christiansen truleg òg i landsbysamfunnet.

På same viset identifiserte han den motsette kategorien, dei som ikkje «slog seg igjennem». Dei fekk krisehjelp frå godset, vart tekne i ulovleg hogst og jakt, men var trass relativt fattigdom «hyppige kunder i kroen, og de satte tilsyneladende pris både på rigelig mad og et godt slagsmål [...] Økonomisk tumlede de tilsyneladende gjennom livet, men de levde ikke uden munterhed». Den siste tredjedelen, «dei stille», passa seg sjølv og låg ikkje i nemnande økonomisk eller juridisk konflikt med godset.

Christiansen har så sett på kva for ein av desse kategoriane dei som vart innbode som fadrar hørde til i. Personar frå dei 6–7 økonomisk sterkaste gardane gjekk att som fadrar utanom nær slekt ved neste alle barnedåpar i den eine landsbyen, og nesten ingen av dei to mindre økonomiske kategoriane ser ut til å ha vore spurt om å stille som fadder utanom nært slektskap.³³

3.5 Ulla Skaarup Jensen om den sosiale strukturen i ein sjællandsk landsby

Ulla Skaarup Jensen har ei ein nokså lang artikkel i *Bol og By* frå 1987 analysert den sosiale strukturen i ein landsby på Sjælland 1765–1840. Ho har kartlagt alle gardbrukarar, husmenn og innerstar og deira innbyrdes relasjonar, med vekt på fadderskap og forlovarskap i to avgrensa

³⁰ Sabean 1998: 25.

³¹ Christiansen 2004: 30.

³² Christiansen 2004: 35.

³³ Christiansen 2004: 32ff.

periodar, 1765–75 og 1822–34. Desse periodane er vald fordi danske landsbyar gjekk igjennom ein relativt dramatisk revolusjon sist på 1700-talet, gjennom utskiftingane.

Analysen til Jensen syner at i den tidlegaste perioden hadde ikkje dei økonomiske skilja mykje å seie for det sosiale livet i landsbyen, variasjonane kjem truleg av individuelle val. Naborelasjonar ser ut til å ha vore viktige. I den seinare perioden finn ho relasjonar som speglar den nye busetnaden og økonomien i soknet: gardmannsklassa «har distansert sig og dominerer helt tydeligt de sociale sammenhenger». Enda meir markant finn ho geografiske variablar: gardmannsklassa stiller opp for husmenn og innerstar i landsbyen, men berre sjeldan på utflytta gardar og da stort sett der det er familieband.³⁴

4 Fadderskap som økonomisk relasjon: faddergåvene

Dette er eit tema som vårt prosjekt bør undersøke nærare, men kjeldegrunlaget vil truleg vere problematisk. Sjølv om Hodne har funne mykje informasjon om dette i tradisjonsmaterialet,³⁵ trur eg det vil vere vanskeleg å finne belegg frå hovuddelen av den perioden vårt prosjekt omfattar. Hodne nemner òg at forbodet mot å gje faddergåver frå 1683 «inngår i rekken av statsmaktens overflødigheitsbestemmelser», men at den kan tyde på at noko oppfatta skikken som eit misbruk.

Troels-Lund drøftar skikken grundig.³⁶ og nemner systematiske ytingar frå fadrane i to omgonger. Den fyrste var i kyrkja. Etter dåpen gjekk ein og ein av fadrane til alteret for å ofre til presten, deretter gjekk dei kvar for seg attende til og la ein gull- eller sylvskilling på brystet til barnet. Dette var iflg. Troels-Lund på 1500-talet skikk både blant høge og låge i Danmark, og er dokumentert.

Skikken skal ha vore brote første gang ved Chr. 4s dåp.³⁷ Når ein tradisjon var broten på denne måten spreidde det seg blant lågare sosiale lag. Ofring av faddergåver i kyrkja heldt seg likevel i visse landdistrikt i Danmark til etter 1900.

Etter seremonien i kyrkja reiste så dåpsfølgjet til heimen til foreldra. Der skulle så fadrane gå til mora og gje ho ei gåve. Også denne skikken galdt i alle samfunnslag. Den siste som i alle fall i nokre samanhengar skulle ha faddergåve, var ho som amma.³⁸ Også i det norske tradisjonsmaterialet er det klare spor etter fleire gåvemottakarar, i alle fall både prest og klokkar, noko det kjente ordtaket «når det regnar på presten dryp det på klokkaren» stadfestar.³⁹

Eit høgt tal på fadrar var altså av økonomisk interesse ikkje berre for foreldra, men òg for presten. Desse faddergåveskikkane kan nok til ein viss grad forklare dei brota på avgrensingane i talet på fadrar som kan dokumenterast.

Eit særtrekk er det som Eilert Sund påpeikte i granskinga han gjorde av «fante- eller landstrygerfolket» frå 1852: «Men har man hos noget andet folk sporet en sådan letsindig omgang med det hellige som hos taterne? [...], ja, man mærkede, at taterforældre, i håb om faddergaver, i forskjellige kirker lode sine børn døbe indtil 5-6 gange».⁴⁰

³⁴ Jensen 1987: 68f.

³⁵ Hodne 1979: 11ff. Gåvene kunne vere pengar, tenester, husdyr eller til og med fast eigedom viss slik munnleg tradisjon er rett.

³⁶ Troels-Lund 1914: 109–115.

³⁷ Troels-Lund 1914: 109f. Grunnen var truleg den tida som ville gå med når «hele den lange Række af Faddere» skulle overlevere gåve til barnet og halde tale samstundes, slik skikken var på det nivået.

³⁸ Troels-Lund 1914: 109ff. Gåva til presten vart kalla «på Alteret», til barnet i kyrkja vart «på Brystet», til mora «udi Sengen» og til amma «på Vogga». Smst. 112.

³⁹ Hodne s. 13

⁴⁰ Sundt 1852, innleiinga til kapittel 6.

5 Norsk empiri om fadderskap – litt om metode

5.1 Generelt – aktørar som må / bør identifiserast

I vårt prosjekt er det relevant å kjenne hovudtrekka i korleis fadderskapsinstitusjonen har utvikla seg både i Noreg og i andre land eller regionar / lokalsamfunn med luthersk religion (pga. forskjellig utvikling i lovgjeving og praksis kring ekteskapsforbod). Det er òg truleg relevant å granske fadderskapskikkane innafør det området analysen er avgrensa til; det er ikkje gjeve at skikkane var like eller utvikla seg likt i dei forskjellige områda vi ser på.

Det vidare arbeidet må i høg grad konsentrere seg om å kartlegge dei faktiske relasjonane innafør visse avgrensingar.

Utgangspunktet vil naturleg vere embetsmennene i bygda (om identifiseringa av desse, sjå nedafor). Det kan vere nyttig å avgrense ein undersøkingsperiode til embetsmannens funksjonstid. Da har ein i alle fall den perioden ein embetsmann og kona hans, evt. vaksne barn, var *potensielle* fadrar i lokalsamfunnet. Dette må i tilfelle undersøkast ved å lese igjennom fadderlistene i kyrkjebøkene i den aktuelle perioden. Titlar og namneformer gjer det noko enklare å finne att slike, både som hovudpersonar og som fadrar. Poenget er da å registrere i kva grad embetsmannen, kona og evt. andre embetsmenn var fadrar til allmugefolk i perioden.

I den grad embetsfamilien sjølv hadde barn til dåp i perioden, er det sjølv sagt nødvendig å registrere kven som var fadrar til desse; andre embetsfolk i eller utanfor slekta til foreldra, eller allmugefolk.

I tilfelle allmuefolk er fadrar til embetsfolk, kan det òg vere interessant å finne familiane til desse fadrane (gjennom bygdebøker eller rekonstruksjon vha. dei vanlege primærkjeldene) og så kontrollere kven som var deira fadrar att.

Generelt er det å vurdere ekskludering – inkludering i faddernetverket interessant, slik Martin Bork gjer i si avhandling.

5.2 Primærkjeldene: fadderskapslistene i kyrkjebøkene

Dette er sjølv sagt dei viktigaste kjeldene til å få oversyn over kven som har vore fadrar i norske prestegjeld i vår prosjektperiode. I dag er alle innleverte og mikrofilma kyrkjebøker tilgjengelege på nettet som skanna bilde. Kvaliteten på desse er i prinsippet sjølv sagt ikkje betre enn mikrofilmen som dei er skanna frå, men det er likevel enklare å arbeide med materialet i dette formatet frå eigen arbeidsplass enn ved å sitje ved ein mikrofilmlesar.⁴¹

I tillegg er ei betydeleg mengd kyrkjebøker transkribert, dataregistrert og delvis publisert på nettet. Her er det to hovudkanalar:

- a) Kyrkjebøker registrert ved Registreringsentral for historiske data i Tromsø, arbeid dei har halde på med i snart 30 år. Eg har fått oversendt eit døme, kyrkjebok for Klæbu. Dessverre er nok desse registreringane ikkje av topp kvalitet med sikte på å søke i og / eller sortere fadrane, men det er likevel mykje enklare enn om ein må arbeide med primærmaterialet (skanna bilde).
- b) Digitalarkivet (-pensjonatet) der ivrige slektsgranskarar og systematiske grupper i formelt samarbeid med Riksarkivet har registrert og lagt ut avskrifter av mange kyrkjebøker.⁴²

Hovudutfordringa er likevel, som i dei studiane som er referert over, å sikkert identifisere kven fadrane ved dei enkelte dåpshandlingane eigentleg var, sjå nedafor.

⁴¹ Dei originale kyrkjebøkene er i prinsippet ikkje til utlån lenger, pga. langvarig slitasje. Før dei vart skanna, måtte ein i prinsippet bruke mikrofilm også på lesesalane til statsarkiva.

⁴² Sjølv har eg (dessverre i denne samanhengen) i mange år gjeve råd om dataregistrering av kyrkjebøker for bygdebok-formål, og da har eg sagt at ein ikkje skulle registrere fadrane av arbeidsmessige grunnar.

5.3 Sekundærkjelder: gode bygdebøker av busetnadssogesjangeren

Slike gjer det betydeleg enklare å identifisere fadrane og plassere dei geografisk og i sosialgrupper. Slike bøker er i praksis avgjerande for å kunne gjennomføre slike undersøkingar i større skala (identifisering og plasseringa av alle fadrar i lengre periodar).

Eit godt slektshistorisk materiale / lokalhistorisk arkiv kan til ein viss grad avhjelpe fråver av bygdebok.

5.4 Gudmor og rekkjefølgje for fadrar

Tradisjonsmaterialet kan tyde på at gudmorfunksjonen, det å bere barnet fram, kan ha vore eit ekstra ærefullt verv. Hodne har i tradisjonsmaterialet funne at gudmornemninga i nokre delar av landet berre galdt ho som bar barnet til dåpen.⁴³ Jfr òg det Bork påpeiker, sjå innleiinga.

I Klæbumaterialet vi har fått oversendt frå RHD ser det ut til at gudmor står først, «Min kone» (dvs. kona til presten) er ofte fadder, nokre gongar ført som den første, andre gonger lenger bak i lista. Kvinner står før menn i dette materialet.

Fadderregistreringane i kyrkjeboka frå Lesja i den eldste perioden har i dei fleste tilfella tre menn ført før tre kvinner. I perioden 1749–73 er talet på fadrar noko lågare, men kjønnsfordelinga er framleis nokså lik. Dei ser ut til å vere ført utan omsyn til sosial status (dvs. i høve kjønn) i dei periodane eg har sett på.

I den eldste kyrkjeboka for Herøy er det påført kven som bar barnet.⁴⁴ Det same ser ut til å gjelde for Borgund (Sunnmøre) i 1760-åra. Ingen av desse er dessverre systematisk transkribert og dataregistert med fadderinformasjonen.

5.5 Namnebruk og identifisering av innabygds fadrar

Vi ser ofte at prestane har bruk nokså enkle namneformer på fadrane, gjerne i forma Ole Bø eller Kari Haugen – altså berre eit fornamn og eit bustadnamn utan patronym. I forsøka eg hittil har gjort på å identifisere fadrar ved hjelp av nokså systematisk førte bygdebøker,⁴⁵ har eg hatt forbausande få problem med å identifisere fadrane. Eg trur grunnen er avgrensingane: dei som står som fadrar må sjølv sagt ha vore i live på det aktuelle tidspunktet og dei må ha vore i konfirmasjonsalderen eller over. Da har det i alle fall førebels vore nokså enkelt å avgrense kven det kan ha vore ut frå brukarlistene i dei to bygdebøkene eg har brukt.

Grunnen til at prestane berre har brukt fornamn og bustadnamn var truleg at fadrane var godt kjente i bygda, og at det i prinsippet berre var nødvendig å ha «kontroll» på dei ei avgrensa tid, til barnet var konfirmert. Særleg for foreldre kunne det tilsvarande behovet vere mykje meir omfattande og kravet til trygg identifisering vere tilsvarande strengare, i fall det kom opp konflikhtar om arv, odelsrett o.a. tilhøve.

5.6 Identifisering av embetsfolk – søk på internett

Det vil ofte vere relativt enkelt å få oversikt over dei embetsfolka – i alle fall sjølv embetsmennene som har hatt embete i ei bygd – i bygdebøker, kyrkjehistorikkar, katalogar i statsarkiva o.a. litteratur. Familiane deira og slektskapstilhøva kan vere vanskelegare å få oversyn over pga. at mange av dei flytta fleire gonger og at dei ikkje var konsekvente i

⁴³ Hodne 1979: 7.

⁴⁴ Møre og Romsdal fylke, Herøy, Ministerialbok nr. 507A01 (1731-1766), Kronologisk liste 1731, side 3. Permanent sidelenke: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=15942&idx_id=15942&uid=ny&idx_side=-2

⁴⁵ Lesja og Lom, som eg sjølv hadde hovudansvaret for. Undersøkingane gjeld førebels berre 1720-åra og 1830-åra i Lesja og 1730-åra i Lom, men særleg dei eldsta kan vere utfordrande.

slektsnamnebruken. Men igjen er det oftare laga detaljerte slektsbøker (tilsv.) for mange slike slekter, der ein sjølv sagt vil finne meir om familiane.⁴⁶

Men det har elles synt seg i dei undersøkingane eg hittil har gjort at det å identifisere embetsfolk *som er involverte i fadderrelasjonar* kan vere vel så vanskeleg som det å identifisere bygdefolk. Her kan det berre stå slikt som «Sal. capitaine Bruuns» og liknande. Da må ein sjølv sagt først finne ein aktuell kaptein Brun som var død på det tidspunktet dåpen gjekk føre seg. Deretter må ein forsøke å finne ut om kona hans var i live på same tid og *kunne* ha vore til stades i bygda, før vi kan seie vi har ein tilnærma sikker identifikasjon.

Dei førebelse undersøkingane eg har gjort har òg avdekt at det må ha vore ikkje ubetydeleg mobilitet innan embetsfolket i alle fall på 1700-talet. Det har dukka opp slike som fadrar i avsides fjellbygder utan at det i litteratur omkring dei same personane er gjeve noko som kan tyde på at dei nokon gong har budd i dei aktuelle bygdene.

Ein første inngang for å finne ut meir om embetsfolket er normalt registeret til *Norsk slekthistorisk tidsskrift*, som er lagt ut på nettet.⁴⁷ Der kan ein ofte finne tilvisingar til eldre slektslitteratur (som kan mangle i BIBSYS). Også ein god del andre hjelpemiddel, t.d. Olai Ovenstad verk om dei norske offiserane før 1814 og diverse trykt litteratur i skanna versjon på fleire nettstader bør ein sjekke opp først.⁴⁸

6 Analyse av fadderskapsrelasjonar

6.1 Fadderskapsnettverk

Charles Wetherell har påpeikt at i tradisjonell sosial nettverksanalyse skil ein prinsipielt mellom egosentriske nettverk og totale nettverk.⁴⁹ Total nettverksanalyse prøver å fange alle viktige relasjonar eller band mellom aktørar i eit sosialt system, medan ein i egosentrisk nettverksanalyse tek for seg banda som enkeltaktørar har og nyttar.

Krava til data er mindre i egosentrisk nettverksanalyse i høve total, men dei er likevel betydelege fordi den tilnærminga fokuserer på *kva slags band ein aktør har og kvaliteten på dei*. Det stiller altså særlege krav til kjeldematerialet i høve ein total analyse der ein berre treng dokumentere banda. Brevsamlingar og dagbøker er døme på kjelder nytta til egosentrisk nettverksanalyse. Slike har vore brukt for å teikne bilde av nettverk i fortida, men ikkje systematisk på den måten som blir gjort i samtidsorientert analyse. Potensialet i historisk nettverksanalyse var iflg. Charles Wetherell ikkje realisert i 1998.⁵⁰

Spørsmålet vi må arbeide vidare med er om vi kan snakke om fadderskap som ein særskilt egosentrisk nettverkstype på same vis som Martin Bork, og i tilfelle kva er det som konstituerer eit slikt nettverk. Er det relasjonane mellom fadrar og barn, fadrar og foreldre og / eller medfadderskap? I Neckarhausen fann David Sabeau som nemnt at relasjonen var diffus og multifunksjonell (jfr pkt 3.3).

I Jeremy Boissevains klassiske studie frå 1974 peiker han på at dei strukturelle ulikskapane i personlege nettverk: alle menneske er og har vore knyta opp mot omverda på ei lang rad

⁴⁶ Vi har hittil sett at prestefrua ofte kan stå fadder. Det såg òg Eilert Sundt i 1852: «I Christianssands stift - fortalte vedkommende præst mig - kom en fantefamilie en søndag til kirken for at få et barn døbt, som moderen nys forud havde født i en nærliggende husmandsstue, hvor nattelogis var blevet hende tilstået; forældrene beklagede sig over, at de ikke havde kunnet få faddere til barnet; præsten anmodede da sine tjenestefolk om at yde denne christelige tjeneste; men de vilde heller ikke være faddere til 'fanteungen'» så måtte præstefruen selv være barnets gudmoder og tage sine voxne børn med som faddere.» Siste avsnitt i kap. 13: http://www.rhd.uit.no/sundt/bind1/eilert_sundt_bd1.html (2010_10_05).

⁴⁷ http://www.genealogi.no/nst_reg/index.htm (2010-01-15).

⁴⁸ På denne undersida til prosjektnettsida: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=20480> prøver eg å halde ved like eit oversyn over slike nettressursar.

⁴⁹ Wetherell 1998: 127.

⁵⁰ Wetherell 1998: 130.

forskjellige måtar. Boissevain nyttar her omgrepet *rolle*: alle spelar mange forskjellige roller: nabo, ektefelle, tilsett, medlem i lag etc. I kvar av desse kjem ein i kontakt med andre menneske som deler ei bestemt interesse eller aktivitet.

I ein fadderskapsrelasjon er kvar fadder som ego i kontakt med først og fremst foreldra til barnet som skal døypast, dernest med medfadrane og etter kvart og til ein viss grad også med barnet. Men det er neppe tvil om at for ein som står fadder vil hans eller hennar faddernetttverk vere to og to foreldre. Der ho eller han er fadrar til fleire barn av same forelder må ein kunne slutte at desse nettverksbanda blir sterkare. Men vi må vel eigentleg seie at ein person som er fadder for fleire foreldrepar etablerer fleire innbyrdes forskjellige faddernetttverk.

Det er òg vanskeleg å førestille seg at medfadrane ved ein dåp åleine etablerer noko nettverk av nemneverdig styrke.

Foreldra var nok i større grad i kontakt med *alle* fadrane til alle barna, og det kan kanskje forsvarast å snakke om foreldra sitt totale faddernetttverk. I dette har dei truleg sterkare band til nokre av fadrane enn til andre, t.d. nær slekt, patronar o.l. Foreldre vil normalt òg stå som fadrar --

-

6.2 Metode når ein har dataregistrert kyrkjebøker med fadderrelasjonar og bruk av BSS

BSS (*Busetnadssøge*) er eit kraftig dataprogram som er spesiallaga for import av dataregistrerte kjelder med personhistoriske data, normalisere dei mange ulike namneformene, søke og lenke alle personhendingar til ferdige familieoppsett, opprette bustader og plassere familiane på desse for utkøyring av trykkeklaart manuskript i bygdebøker.⁵¹

Programmet blir nyttast for analyser i delprosjektet. Da importerer ein dataregistrerte kjelder og normaliserer namna, men avgrensar opprettinga av bustader til dei aktuelle lenka personane. BSS gjer det altså muleg på ein rask måte å søkje igjennom relativt store datamengder og finne i kva grad enkeltpersonar både i embetsmannsgruppa og allmugegruppa er brukte, eller ikkje brukte, som fadrar i undersøkingsperioden.

I denne behandlinga av grunnlagsmaterialet skil ein mellom *personar* og det vi kallar *personhendingar*. Det siste kan t.d. vere ein dåp, som kan innehalde informasjon om t.d. 8 forskjellige personar: barnet, foreldra og fadrane. I arbeidet med hendingane skil ein personane frå kvarandre gjennom dei *rollene* dei har i hendinga, og rollene definerer òg *relasjonane* (barn–mor, barn–far, far–fadder osv.). Kvar person blir altså definert gjennom ei eller fleire hendingar i ein BSS-database. Ein kan arbeide med importerte ferdig registrerte hendingar t.d. i form av ei dåpsliste med fadrar, men ein kan òg registrere enkelthendingar på personar manuelt, t.d. frå ei bygdebok, ein artikkel i eit slektstidsskrift o.a.

Det viser seg rett nok at sjølve relasjonen fadderskap belastar programmet meir enn vi trudde, slik at det køyrer tungt når mange dåpshendingar med fadrar blir lenka. Det er elles utvikla ein førebesl funksjon for eksport av slike data til MS-Excel for vidare analysar.⁵² Den køyrer ut ei liste over ferdig lenka personar og ei eiga liste over alle registrerte hendingar med namn og rolle på alle lenka (etablerte, definerte) personar i kvar hending (sjå vedlegg).

Eit slikt materiale, i alle fall viss det er i kombinasjon med detaljerte bygdebøker, gjer det muleg både å kartleggje fadderskapsskikkane i undersøkingsområdet og plukke ut enkeltaktørar og analysere deira deltaking eller ikkje deltaking i fadderskapsnettverka som fanst.

Bruk av BSS reduserer arbeidsomfanget med å avdekkje og analysere fadderskapsnettverk.

⁵¹ <http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssøge.html> (2010-01-15).

⁵² Blir brukt av Grethe Sliper, sjå hennar paper.

7 Referert litteratur:

- Amundsen, Arne Bugge 1989: *Folkelig og kirkelig tradisjon. Dåpsforståelser i Noreg særlig på 1800-tallet*. Solum Forlag. (Dr.gradsavhandling, Universitetet i Oslo.)
- Bork, Martin T. H. 2006: *Fællesskabet efter fællesskabet. Sociale relationer og netværk i et dansk landbosamfund efter landsbyfællesskabets opløsning ca. 1785–1850*. Upublisert Ph.d.-avhandling, Københavns Universitet, levert 1.5.2006.
- Christiansen, palle Ove 2004: *Landsbyliv. Afhandlinger om livsstil og sociale relationer i landbosamfundet fra 1700-tallet til i dag*. Landbohistorisk Selskab.
- Eriksen, Thomas Hylland 1998: *Små steder – store spørsmål. innføring i sosialantropologi*. Universitetsforlaget.
- Falk, Hjalmar og Alf Torp 1903–06 (1992): *Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog*. Ringstrøms antikvariat, Oslo.
- Fagerlund, Solveig 2002: *Handel och Vandel. Vardagslivets sociala struktur ur et kvinnoperspektiv. Helsingborg ca 1680–1709*. Studia Historica Lundensia, Lunds universitet.
- Hodne, Ørnulf 1979: Fadderskapet og dets funksjoner i norsk folketradisjon. *Heimen* 1: 3–22.
- Jensen, Ulla Skaarup 1987: Fra fællesskab til overdrev. Udviklingen i en midtsjællandsk landsbys sociale struktur 1765-1840. *Bol og By* 2: 28–81.
- Kjelland, Arnfinn 1987, 1992, 1996: *Bygdebok for Lesja. gards- og slektshistorie bd 1, 2, 3*. Lesja kommune.
- Kolden, Jon (red. Arnfinn Kjelland) 2000, 2002, 2005, 2007: *Bygdabok for Lom. Gards- og ættesoge bd 1, 2, 3, 4*. Lom kommune.
- Kjelland, Arnfinn 2009: Norsk lokalhistorie og «nyare» mikrohistorie. *Heimen* 3: 237–254.
- Markussen, Doris 2001: *Giftermål og faddervalg. Endring i etnisk tilhørighet i Kvæfjord 1751–1865*. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Tromsø.
- Motzfeldt, U. A. 1844: *Den norske Kirkeret tillige med den øvrige Geistligheden især vedkommende Lovgivning*. Christiania, Johan Dahl.
- Pokorná, Michaela 2009: *Faddervalg i fornorskningstid. Faddervalg og etnisk tilhørighet i Storfjord 1859–1900*. Masteroppgave i historie. Universitetet i Tromsø.
- Sabean, David Warren 1998: *Kinship in Neckarhausen, 1700–1870*. Cambridge University Press.
- Sabean, David Warren, Simon Teuscher, Jon Mathieu 2007: *Kinship in Europe. Approaches to Long-Term Development (1300–1900)*. Berghahn Books, New York.
- Sabean, David Warren og Simon Teuscher 2007: Kinship in Europe. A New Approaches to Long Term Development. I Sabean mfl. (red): *Kinship in Europe. Approaches to Long-Term Development (1300–1900)*. Berghahn Books, New York: 1–32
- Sliper, Grethe 2010: *Standfordeling av faddere i prestebarnas dåper og fadderfrekvens blant de geistlige i Herøy prestegjeld 1731 - 1843*. Paper til SHP-seminar 11.–12. oktober, Høgskolen i Volda.
- Sund, Eilert 1852: *Beretning om Fante- eller Landstrygerfolket i Norge. Bidrag til Kundskab om de laveste Samfundsforholde*. Christiania. Nettutgåve: http://www.rhd.uit.no/sundt/bind1/eilert_sundt_bd1.html (henta 2010_1005)
- Teige, Ola 2008: *Eliten i Christianias sosiale og politiske nettverk 1680–1750*. Ph.D.-avhandling, Universitetet i Oslo. Acta Humaniora no. 342.

- Troels-Lund, Troels Fredrik 1914: *Dagligt Liv i Norden i det sekstende Aarhundrede. VIII Bog: Fødsel og Daab*. København, Kristiania. Nettutgåve: <http://runeberg.org/dagligt/8/>
- Wetherell, Charles 1998: Historical Social Network Analysis. *International Review of Social History* 42, s 125–144.

Vedlegg: eksportert hendingsliste frå BSS Herøy

Lista viser id-nummer for fire dåpshendingar I Herøy (nr 9 i 1776, nr 217 i 1802, nr 234 i 1807 og nr 399 i 1827), kva rolle dei enkelte personane har i kvar hending, namnet, levetida, kjønn og sosialkategori (Sliper 2010). Der det står person-ID, namn osv. har brukaren klart å definere kven den enkelte personen var. Med MS-Excel kan ein så filtrere fram alle hendingar og roller personen er involvert i i heile materialet. Dei fadrane som ikkje er identifiserte blir ståande tome som i hending 399 nedafor. Men brukaren kan gå inn att gjennom BSS for å sjå kva namn som eigentleg står der (transkribert versjon) eller til skanna kyrkjebok for å sjå handskriven versjon.

| Hend ID | Tids-punkt | Rolle | Pers ID | Namn | Levetid | Kjønn | Sosialkategori |
|---------|------------|--------|---------|---|-----------------------------|-------|------------------|
| 9 | 1776 | barn | 125 | Arnoldus Jersin | f. 1774, d. ? | m | Prestefolk |
| 9 | 1776 | far | 114 | Jacob Christian Georgss. Jersin | f. 21.5.1736, d. 19.2.1807 | m | Prestefolk |
| 9 | 1776 | mor | 116 | Elsebe Hansd. Lem | f. 10.9.1748, d. 11.3.1778 | k | Sogneprest |
| 9 | 1776 | fadder | 267 | Sivert Olsen | f. 1734, d. 1813 | m | Handelsborger |
| 9 | 1776 | fadder | 549 | Ole Rødding | f. 1717, d. ? | m | Halvkondisjonert |
| 9 | 1776 | fadder | 546 | Peter Bager | f. 1745, d. 1787 | m | Halvkondisjonert |
| 9 | 1776 | fadder | 271 | Anne Olave Olsd. Berg | f. 1748, d. 1785 | k | Handelsborger |
| 9 | 1776 | fadder | 31 | Anna Martha Reutz | | k | Kondisjonert |
| 217 | 1802 | barn | 696 | Johan Wilhelm Peterss. Wiberg | f. 1802, d. 29.4.1884 | m | Gardfolk |
| 217 | 1802 | far | 694 | Peter Wiberg | f. 1768, d. 25.11.1850 | m | Halvkondisjonert |
| 217 | 1802 | mor | 693 | Rebekka Dorteia Willumsd. Schelderup | f. 1777, d. 20.4.1847 | k | Halvkondisjonert |
| 217 | 1802 | fadder | 364 | Christopher Tjæransonss. Rønneberg | f. 4.4.1731, d. 29.9.1824 | m | Handelsborger |
| 217 | 1802 | fadder | 336 | Rasmus Christopherss. Rønneberg | f. 1776, d. 13.1.1822 | m | Kondisjonert |
| 217 | 1802 | fadder | 620 | Nils Nicolai Johansonss. Wiig | f. 26.10.1782, d. 19.1.1846 | m | Kondisjonert |
| 217 | 1802 | fadder | 5 | Else Kristine Jørgenss. Meldal | f. 31.7.1759, d. 17.10.1816 | k | Sogneprest |
| 217 | 1802 | fadder | 21 | Kristianne Jørgensd. Bergmann Meldal | f. 1787, d. 29.1.1855 | k | Handelsborger |
| 234 | 1807 | barn | 279 | Else Ulrikke Mathiasd. | d. 1807 | k | Kondisjonert |
| 234 | 1807 | far | 274 | Hans Mathias Hegelund | f. 1765, d. 1829 | m | Kondisjonert |
| 234 | 1807 | mor | 273 | Abigael Marie Sivertsd. S. Olsen | d. 1774 | k | Kondisjonert |
| 234 | 1807 | fadder | 745 | Anders Larsson Egsund | | m | Gardfolk |
| 234 | 1807 | fadder | 761 | Lars Rasmusen | f. 1764, d. ? | m | Gardfolk |
| 234 | 1807 | fadder | 1510 | Ole Nilsen | f. før 1807, d. ? | m | Gardfolk |
| 234 | 1807 | fadder | 66 | Ingeborg Johanne Ottosd. Rodwidt Gruner | f. 2.11.1777, d. 2.6.1857 | k | Sogneprest |
| 234 | 1807 | fadder | 1669 | Magrethe Tormodsen | f. før 1807, d. ? | k | Gardfolk |
| 399 | 1827 | barn | | | | | ulenka* |
| 399 | 1827 | far | | | | | ulenka* |
| 399 | 1827 | mor | | | | | ulenka* |
| 399 | 1827 | fadder | 1904 | Pål Williksen | f. før 1807, d. ? | m | Halvkondisjonert |
| 399 | 1827 | fadder | 669 | Ola Villikson Garshol | f. 1802, d. ? | m | Gardfolk |
| 399 | 1827 | fadder | | | | | ulenka* |
| 399 | 1827 | fadder | | | | | ulenka* |